

Tysvær kommune
post@tysver.kommune.no

Tinging av oppstartsmøte, Tysvær kommune

I samsvar med § 12-8 i Plan og bygningslova, vil Omega Areal as på vegne av Sigve Gismarvik med dette be om oppstartsmøte for ein ny reguleringsplan i Gismarvik i Tysvær kommune.

Gards- og bruksnummer	Delar av 60 / 24
Forslagsstillar	Sigve Gismarvik
Grunneigar(ar)	Sigve Gismarvik
Fagkyndig (firma og person)	Omega Areal as, v/ Kjerstina Særsten
E-post kontaktperson	kjerstina@omega.no

Skildring av planinitiativet:


jf. Forskrift om behandling av private forslag til detaljregulering, §1. – Krav til planinitiativet

a) Føremålet med planen	Det er ynskje om å regulere området til småbåtanlegg med tilhøyrande funksjonar som parkering og servicebygg.
b) Planområdet, og vil planarbeidet få verknadar utanfor planområdet	Planen vil vise mellom anna område for småbåthamn, parkering, veg og område for servicebygg. Planen vil legge til rette for noko meir areal i sjø, i samband med utviding av småbåtanlegg.
c) Planlagt busetnad, anlegg og andre tiltak	Det er ynskje om å utvide dagens anlegg i sjø med ca. 20 båtplassar.
d) Utbyggingsvolum og byggehøgder	Ingen endring i volum og byggehøgde på bygningar.
e) Funksjonell og miljømessig kvalitet	Planen vil legge til rette for fleire småbåtplassar i eit allereie eksisterande anlegg.

f) Tiltakets verknad på, og tilpassing til, landskap og omgjevnadar	Det ligg ei brygge her i dag, og planen vil legge til rette for ei forlenging av denne. Følgeleg er det snakk om mindre endringar i høve dagens bruk, og vår vurdering er at verknadane for landskap og omgjevnadar vert liten.
g) Forholdet til kommuneplan, evt. gjeldande reguleringsplanar, retningslinjer og pågåande planarbeid	Eigedommen inngår i gjeldande kommuneplan for Tysvær der området er avsett til småbåthamn og kombinert busetnad og anleggsmål. Det er knyta føresegner til planen, og der er mellom anna krav til reguleringsplan før utbygging. Kommuneplanen stiller og krav til minimum 1 biloppstillingsplass for kvar tredje båtplass.
h) Vesentlege interesser som vert råka av planinitiativet	Vi kan ikkje sjå at planen vil røre ved vesentlege interesser.
i) Korleis ivareta samfunns-sikkerheit, blant anna gjennom å førebygge risiko og sårbarheit	Vi kan ikkje sjå at det er utfordringar når det gjeld risiko og sårbarheit, men det skal utarbeidast ROS-analyse i samband med planarbeidet.
j) Offentlege organ og andre interesserte skal varslast om planoppstart	Sjå varslingsliste nedanunder.
k) Prosess for samarbeid og medverking frå myndigheiter, grunneigarar, festarar, naboar og andre.	Grunneigar er og forslagsstillar, så han vil være delaktig i prosessen. Vi vil elles informere naboar og andre berørte med varslingsbrev, og kunngjere oppstart av planarbeidet i minst ei avis og på nettsida til Omega Areal og Tysvær kommune.
l) Vurdering av om planen er omfatta av forskrift om konsekvensutgreiing. Korleis er i tilfelle krava ivaretekne?	Vi kan ikkje sjå at denne endringa er omfatta av KU, då planarbeidet er i samsvar med overordna plan. Det er mogleg at småbåtanlegget vil verte utvida noko lenger ut i sjø enn vist i kommuneplanen, men det er snakk om små justeringar som vi ikkje kan sjå vil gje vesentlege verknadar for miljø og samfunn, jf. §10 i forskrift om KU. Vi ynskjer å få ei avklaring på om kommunen er samd i vår vurdering kring dette i oppstartsmøtet.

Med venleg helsing

Omega Areal as
v/ Kjerstina Særsten



Ca grenser for planarbeidet

Varslingsliste – offentlege

Rogaland Fylkeskommune
Fylkesmannen i Rogaland
Statens Vegvesen, Region Vest
Haugaland Kraft AS
Telenor ASA
Mattilsynet – Haugalandet
HIM - Haugaland Interkommunale miljøverk

Karmsund Havn IKS
Kystverket Vest
Fiskeridirektoratet

Tysvær Kommune